

# Eksamen

28.11.2016

NOR1212-NOR1232 Norsk sidemål  
Elevar og privatistar / Elever og privatister

## Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren vil vere til hjelp for å løyse oppgåva.

### Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Før i tiden utsatte vi oss for stor fare uten å forstå det», *Magasinet Dagbladet*, 16.07.2016

Denne samansette teksten er ein del av ein kampanje frå Helsedirektoratet. Gjer greie for formålet med teksten, og forklar korleis dei ulike retoriske appellformene er brukte.

*Kommentar:*

*I svaret ditt skal du vise at du forstår og kan forklare bruken av dei retoriske appellformene og funksjonen dei har i den samansette teksten.*

### Del B Langsvarsoppgåve

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

#### Oppgåve 1

Vedlegg:

- *Hobbiten* av J.R.R. Tolkien, 1937 (utdrag)
- *Soga om volsungane*, 1200-talet (utdrag)

Norrøn litteratur var ei sentral kjelde til inspirasjon for den engelske fantasyforfattaren J.R.R. Tolkien. Gjer greie for nokre trekk i form og innhald som viser slektskap mellom dei to tekstane. Vurder om den tradisjonelle helterolla som Sigurd og Bard representerer, framleis lever i litteratur, film, spel eller TV-seriar i dag.

*Kommentar:*

*Oppgåva er todelt. I den første delen kan du velje kva du vil leggje mest vekt på. I den andre delen skal du bruke relevante eksempel og vise evne til refleksjon.*

## Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Språkbrukaren», kommentartekst av Erlend Lønnum, *Språknytt* 1-2016
- «Den andre broren min» av Maria Navarro Skaranger, 2015 (utdrag)
- «Er du ish på tida?» av Signe Nilssen, *Språknytt* 2-2016

Dei tre vedlegga illustrerer utviklingstrekk i det norske språket. I romanen *Alle utlendinger har lukka gardiner* av Maria Navarro Skaranger møter vi ein eg-forteljar som snakkar eit talemål som blir kalla *multietnolekt*. Dei to andre tekstane viser kor mykje norsk kan påverkast av engelsk.

Skriv ein resonnerande tekst der du drøftar fordelar og ulemper ved at det norske språket blir påverka av andre språk. Bruk eksempel frå vedlegga.

*Kommentar:*

*I svaret ditt skal du vise kunnskap om språk og språkutvikling, og det skal kome tydeleg fram at du bruker tekstvedlegga. Du skal vise evne til sjølvstendig refleksjon.*

## Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Si at du stapper moren din opp i en koffert Hva får du da?» av Gro Dahle, 1994
- «Lukta av heimlanda våre» av Anna Kleiva, 2011

Tolk og samanlikn dei to dikta.

*Kommentar:*

*Du skal skrive om både form og innhald i begge dikta, men du kan sjølv velje kva du vil leggje mest vekt på. Du skal gjere greie for verkemidla og den funksjonen dei har, og grunngi dine eigne tankar om tekstane. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Kastemerket» av Roy Jacobsen, 1994

Tolk novella.

*Kommentar:*

*Du skal skrive om både form og innhald. Du skal gjere greie for verkemidla og den funksjonen dei har, og grunngi dine eigne tankar om teksten. Bruk relevant fagspråk.*